



Bolig & Eiendom AS
Stølen 26
5911 ALVERSUND

Deres ref.:

Vår ref.:
21/2533 - 2 / LIMOHE

Vedtaksdato:
21.04.2021

Løyve til seksjonering gbnr. 108/239

Bakgrunn for saken:

Bustad & Eiendom AS har som heimelshavar sendt inn søknad om oppdeling av egedomen gbnr. 108/239 i ei bustadsameiga bestående av 2 bustadseksjonar. Det er søkt om og gitt løyve til oppføring av ein vertikaldelt tomannsbustad på egedomen. Kvar bueining på egedomen skal etter seksjoneringa utgjere ein eigen bustadseksjon

Vedtak:

I med hald av §13 i lov om eigarseksjonar, vert oppdeling av gbnr. 108/239 i 2 eigarseksjonar godkjent slik det er søkt om. Seksjonane får fylgjande sameigebrøk, føremål og tilleggsareal:

Seksjonsnr.	Sameigebrøk	Føremål	Tilleggsareal
1	1/2	Bustad	
2	1/2	Bustad	

Saksutredning:

J.f situasjonsplan og planteikningar, er bygningen ein vertikaldelt tomannsbustad i to etasjar med to bueiningar. Begge bueiningane har eigen inngang frå felles uteareal. Kvar seksjon har tilgang til nødvendige funksjonar frå eige areal eller felles uteareal.

Det er avsett tilstrekkeleg areal til parkering på egedomen.

Alt uteareal skal etter seksjoneringa vere felles for alle seksjonane i bustadsameige.

Det er utarbeid vedtekter for sameige.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Faktiske opplysninger:

Søknad om seksjonering er innsendt kommunen og har fylgjande vedlegg:

- Planteikning bygg
- Situasjonsplan
- Sameigevedtekter
- Firmaattest

Vurderinger:

Kommunen finn at seksjoneringssøknaden både samla og for dei enkelte seksjonane oppfyller krava i lov om eigarseksjonar, og tilrår å godkjenne seksjonering slik omsøkt.

Vidare saksgang:

Vedtaket vert sendt rekvirent med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsaming og tinglysing vert sendt heimelshavar. Saksdokument saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når klagefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyst dokument frå kartverket, vert matrikkelbrev for eigedomen etter seksjonering saman med saksdokumenta sendt rekvirent.

Klage

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommunelva §23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl.) Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. Fvl. §28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf, fvl, §27b.

Gebyr:

Heimelshavar ber kostnad med sakshandsamingsgebyr for seksjonerings-saka etter gjeldande regulativ og dekker kostnad knytt til tinglysing av saka.

Med hilsen

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg

Seksjoneringsteikningar	1548007	23.04.2021
Situasjonsplan	1548008	23.04.2021
Søknad om seksjonering	1548009	23.04.2021
Vedtakter for sameige	1548010	23.04.2021
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak	1548015	23.04.2021

Mottakere:

Bolig & Eiendom AS	Stølen 26	5911	ALVERSUND
--------------------	-----------	------	-----------